

Atle Trædal
Myrdalshovden 2
5130 NYBORG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/4634 - 21/41805

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:
01.12.2021

Løyve til utslepp av avløpsvatn - Slamavskiljar - gbnr 129/16 Titland søndre

Administrativt vedtak: **Saknr: 693/21**

Byggestad: Gbnr: 129/16
Tiltakshavar: Atle Trædal
Ansvarleg søker: Stendal Vvs AS
Type utslepp: Sanitært avløpsvatn med utslepp mindre enn 50pe
Søknadstype: Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-3

VEDTAK

Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta § 12-5 vert det gjeve utsleppsløyve for fritidsbustad på gbnr. 129/16 Titland søndre på følgjande vilkår:

1. Det skal monterast tilstrekkeleg dimensjonert typegodkjent slamavskiljar. Restutsleppet frå slamavskiljaren skal førast i tett leidning til sjø som omsøkt og vist på kart.
2. Utsleppet frå eideomen vert gitt for 2 pe.
3. Slamavskiljaren må plasserast slik at avstand til plass med mogelegheit for parkering av tømmebil vere maksimum 100 meter, og botnen av anlegget må då ikkje leggjast lågare enn at løftehøgda til tømmebil (ikkje overstig 8 meter).
4. Vilkår sett i vedtak frå Bergen Hamn Farvassforvaltning datert 05.11.2021 skal gjelde i saka.
5. Vilkår sett i dispensasjonsvedtak frå Alver kommune samferdsleavdelinga datert 22.11.2021 skal gjelde i saka.
6. Utsleppet skal til ei kvar tid tilfredsstilla krav i Forskrift om begrensning av forurensing, §§ 12-7 til 12-13.
7. Eideomen skal knytast til offentleg godkjend avlaupsleidning eller anna fellesleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.
8. Tiltaket er søknadspliktig etter Plan- og bygningslova. Søknad om løyve til tiltak må sendast inn av kvalifisert føretak og godkjennast før arbeidet kan setjast i gang.

9. Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for avløpsanlegget må det ligge føre stadfesting frå montør, og koordinatar for plassering av anlegget.

SAKSUTGREIING

Tiltak

Saka gjeld søknad om utsleppsløyve for fritidsbustad på gbnr. 129/16 Titland søndre.

I søknaden er det opplyst at utsleppet frå eide dommen skal reinsast i 2 m³ slamavskiljar av før utsleppet vert ført vidare i tett leidning som går til sjø.

Storleiken til utsleppet er opplyst til 2 pe.

Det vert elles vist til søknad mottatt 18.05.2021, supplert 30.09.2021 og 30.11.2021.

Planstatus

Eide dommen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin areal del er definert som område for fritidsbusetnad.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med forureiningsforskrifta § 12-4 nr. 2.

Det ligg ikkje føre merknad frå nabo.

Vedtak frå anna styresmakt

Bergen Hamn Farvassforvaltning IKS har i vedtak datert 05.11.2021 gjeve løyve til utlegging av ein avløpsleidning på ca. 20 lengdemeter i sjø på gbnr. 129/16 i Alver kommune.

Dispensasjon

Alver kommune ved samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning har 22.11.2021 gjort følgjande vedtak:

Vedtak:

Løyve er gitt med heimel i Veglova § 29 på følgjande vilkår:

- Minste avstand frå nærmeste del av slamavskiljar og midt kommunal veg skal være minimum 9,0 meter.
- Tiltaket skal være plassert slik at det ikkje kjem i konflikt med tekniske krav til avkjørsle frå kommunal veg.
- Ei føresetnad for dette løyvet, er at andre nødvendige godkjenningar ligg føre.
- Alver kommune fråseier seg alt ansvar for skade som oppstår på tiltak som vert plassert innanfor byggegrense mot veg. Dersom det oppstår skade på tiltak under drift og vedlikehald av kommunal veg, er dette kommunen uvedkommande. Eigar av tiltak må sjølv sørge for og påkoste utbetring av eventuelle skader.

Plassering

Plassering og utsleppsstad er vist i kart datert 09.03.2021.

Reinseløsing

Utsleppet frå eide dommen skal reinsast i slamavskiljar før det reinsa utsleppet vert ført vidare i tett leidning til sjø. Reinseløsinga stettar krava til utslepp i mindre følsamt område.

Drift og vedlikehald

Eigedomen skal inngå i kommunal slamtømmeordning.

Forskrifta gjeld for heile kommunen med unntak av:

- Veglause grender og øyar og eigedomar som elles ikkje er tilknytt offentleg vegnett
- Eigedomar der tømmetanken ligg lengre enn 100 meter frå køyrbar bilveg
- Eigedomar der tømmetanken ligg lågare enn 8 meter frå køyrbar bilveg.

Kap.12

Slamavskiljarar knytt til heilårsbustadar eller fritidsbustadar skal tömmast heilt for slam etter behov, og ikkje sjeldnare enn kvart 2. år for heilårsbustadar og kvart 4. år for fritidsbustadar, jf. forureiningsforskrifta § 12-13.

Privatrettslege tilhøve

Avløpsanlegget er plassert på eigen eigedom på gbnr. 129/16. Utsleppsleidningen er lagt på eigen eigedom fram til utsleppsstad.

VURDERING

Det er ikkje offentleg kloakkanlegg i området.

Søknad om utsleppsløyve kan etter kommunen si vurdering godkjennast slik den ligg føre med utslepp via slamavskiljar til sjø. Reinseløysinga stettar krava til utslepp i mindre følsamt område.

Plassering

Plassering av anlegg og leidningsnett kan etter kommunen si vurdering godkjennast i samsvar med kart datert 09.03.2021. Minste avstand til vegmidte communal veg skal vere minimum 9 meter.

Godkjenning etter andre lovverk

Etablering av avlaupsanlegget krev løyve etter plan- og bygningslova kap. 20.

Søknad om løyve til etablering av avløpsanlegg etter plan- og bygningslova må sendast inn av eit ansvarleg føretak.

Plassering av leidning i sjø må godkjennast etter havne- og farvasslova av Bergen og Omland Farvannsforvaltning IKS før arbeida kan setjast i verk.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Enkeltvedtak fatta i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 12 kan klagast på til kommunestyret eller saerskilt klagenemnd, jf. [forurensningsloven § 85](#) 2.ledd og forureiningsforskrifta § 12-15. For enkeltvedtak fatta av kommunestyret er Statsforvaltaren klageinstans.

Enkeltvedtak fatta i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 13 kan klagast på til Statsforvaltaren, jf. forureiningslova § 85 2.ledd og forureiningsforskrifta § 41-5

Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvæst. Før det

kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klage på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnehene før løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

Bortfall av løyve

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn to år, fell retten til å etablera utsleppet vekk, jf. forureiningsforskrifta § 12-5 4.ledd og § 13-5 4.ledd. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

Tilsyn, endring og opphør av løyvet

Kommunen er forureiningsstyresmakt og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 og 13 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført servis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekka kostnader knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheve eller endre vilkåra i utsleppsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18 og forureiningsforskrifta § 12-14 og § 13-17

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/4634

Med vennleg helsing
Alver kommune

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Hogne Askeland
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Atle Traædal
Stendal Vvs AS

Myrdalshovden 2 5130
Blombakken 1 5911

NYBORG
ALVERSUND